

Saksbehandlar: Geir Kjetil Øvstetun, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 17/4412-3

Høyringsnotat vedrørende endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen

Fylkesdirektøren rår fagopplæringsnemnda til å gje slik tilråding:
Fagopplæringsnemnda rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Høyringsfråsegna vert vedteken slik det går fram av saksutgreiinga.

SAKSFRAMSTILLING

Bakgrunn

På vegner av Kunnskapsdepartementet har Utdanningsdirektoratet sendt ut framlegg til endringar i den yrkesfaglege tilbodsstrukturen på høyring. Tilbodsstrukturen for yrkesfaga er alle dei ulike utdanningsprogramma, Vg2 programområde, lærefaga og yrkeskompetansefaga som vert tilbydd elevane som vel fagopplæring. Dei framlagde endringane skal bidra til at fag- og yrkesopplæringa vert meir relevant for arbeidslivet sine behov for faglært kompetanse, og for at fleire verksemder i større grad skal nytte lærlingordninga til å rekruttere arbeidskraft.

Framlegga skal mellom anna bidra til:

- meir motiverte elevar
- ei meir relevant opplæring retta mot eit yrke eller fleire grupper av yrke
- eit konsistent løp frå Vg1 til Vg3 med god progresjon fram til dei lærefaga og yrka som opplæringa skal førebu til
- eit godt grunnlag for fagopplæring i heile landet

Framlegga omfattar mellom anna:

- nedlegging av eksisterande utdanningsprogram og oppretting av nye
- oppsplitting eller samanslåing av Vg2 programområde og lærefag
- framlegg til nye Vg2-tilbod eller lærefag
- flytting av Vg2-tilbod og lærefag mellom utdanningsprogram, i tillegg til endringar i opplæringsmodellar og namneendringar

Høyringa er open for alle.

Høyringsfrist er 04.09.2017

Høyringsdokumenta finn du her:

<https://www.udir.no/om-udir/hoyringar/#131>

Fråsegna tek utgangspunkt i malen/strukturen frå Utdanningsdirektoratet, og fylkesdirektøren har vurdert dei ulike framlegga fortløpande.

Samandrag

Utdanningsprogram for **service og samferdsle** har fleire og samansette utfordringar knytte til tilbudsstrukturen. Utdanningsprogrammet har i dag fleire fagområde som i varierende grad har noko til felles. For å få meir konsistente utdanningsløp vert det lagt fram å flytte programområdet Vg2 transport og logistikk til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon. Ein analyse av elevane sitt søkarmønster viser at to av tre som startar på Vg2 transport og logistikk, kjem frå utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon via eit kryssløp.

Det vert også lagt fram å flytte programområdet Vg2 IKT-servicefag til utdanningsprogram for elektrofag. Også her er det slik at elevar som kjem via eit kryssløp frå Vg1 elektrofag, utgjer den største elevgruppa på dette programområdet. Samstundes er elektrofaga utvikla i ei retning der kompetanse i konfigurering av programvare og anna IKT-kompetanse stadig vert viktigare.

Det vert lagt fram at utdanningsprogramma for service og samferdsle endrar fagnemning til Vg1 handel. Det vert også lagt fram å opprette eit eige programområde for Vg2 handel. For lærefaga kontor- og administrasjonsfag og reiselivs fag vert ulike alternativ lagde ut til høyring. For kontor- og administrasjonsfaget vert det lagt fram anten at lærefaget vert lagt ned eller at det vert vidareført på eit nytt utdanningsprogram for handel. Bakgrunnen for denne høyringa om å legge ned kontorfaget er tilbakemeldingar frå deler av arbeidslivet, som meiner at kompetansen på fagbrevnivå ikkje er etterspurt. Ein forskingsrapport frå NIFU/FAFO har vist at arbeidslivet føretrekker personell med høgare utdanning til administrasjons- og kontorarbeid.

Det vert lagt fram at tryggleiksfaget vert nedlagt fordi bransjen skaffar seg relevant kompetanse gjennom godkjente kortare kurs av 50-100 timar. Utgreiingane som ligg til grunn for høyringa, viser at det er svakt grunnlag for å oppretthalde dette lærefaget i tilbudsstrukturen.

Utdanningsprogram for **design og handverk** skal førebu elevar til ei rekke ulike yrke og bransjar. Det vert lagt fram å dele utdanningsprogrammet i to nye utdanningsprogram, eitt utdanningsprogram for tradisjonshandverk, for dei små og verneverdige handverksfaga, og eitt utdanningsprogram for design. Utdanningsprogram for design skal mellom anna føre fram til programområda Vg2 frisør, Vg2 blomsterdekoratør, Vg2 interiør og utstillingsdesign og Vg2 medieproduksjon. Det er framlegg om å legge ned enkelte lærefag og flytte enkelte programområde og fagbrev til andre yrkesfaglege utdanningsprogram.

For utdanningsprogram for **restaurant- og matfag** vert det lagt fram ei rekke endringar i programområdet Vg2 matfag og tilhøyrande lærefag for å imøtekomme matindustrien sitt kompetansebehov og for å tilby elevar tidlegare fagleg spesialisering.

For utdanningsprogram for **helse- og oppvekstfag** vert det lagt fram enkelte endringar i tilbudsstrukturen. Det er framlegg om å innføre valfrie programfag i Vg2 helseservicefag og å flytte programområdet Vg2 aktivitetar frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag. Det vert arbeidd med å utvikle ein ny opplæringsmodell for ambulanséfaget som etter ønskje frå fagleg råd for helse og oppvekstfag, vil få ei separat høyring.

På utdanningsprogram for **teknikk og industriell produksjon** vert det lagt fram å flytte programområdet Vg2 transport og logistikk frå utdanningsprogram for service og samferdsle. Det er framlegg om å legge ned eller slå saman fleire av dei smale og små lærefaga.

For utdanningsprogram for **bygg- og anleggsteknikk** vert det tilrådd større grad av fagspesialisering på Vg2 ved å dele Vg2 byggtknikk i nytt Vg2 tømmer og nytt Vg2 betong og mur, og Vg2 klima, energi og miljøteknikk i nytt Vg2 røyr og nytt Vg2 ventilasjon, takteking og membran. Det vert også tilrådd å slå saman enkelte lærefag, men behalde kompetansen gjennom å innføre fordjuping på Vg3 for lærefaga som rekrutterer frå anleggsteknikk og treetknikk. Det vert også foreslått å flytte fleire tilbud frå andre utdanningsprogram til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk. Dette gjeld trehandverksfaga (bl.a. møbelsnekkar), trebåtbyggjarfaget frå utdanningsprogram for design og handverk og anleggsgartnerfaget frå utdanningsprogram for naturbruk.

På utdanningsprogram for elektrofag vert det lagt fram at IKT-servicefaget vert flytta frå utdanningsprogram for service og samferdsle til utdanningsprogram for elektrofag. Ut over dette

er det berre framlegg om mindre justeringar i dei lærefaga som i dag er ein del av utdanningsprogrammet. Det vert lagt fram å endre fagnemninga for to programområde og opprette ventilasjonsteknikk som nytt lærefag. Det vert også lagt fram at viklarfaget vert lagt ned fordi behovet i arbeidslivet er fallande.

For utdanningsprogram for **naturbruk** vert det tilrådd å innføre valfrie programfag innan landbruk og gartnarnæring, og det vert lagt fram å opprette eit nytt programområde Vg2 dyrehald. Det vert vidare lagt fram å dele programområdet Vg2 heste- og hovslagarfaget. Hovslagarfaget vert tilrådd vidareført som særlop, og hestefaget vert tilrådd vidareført i eit nytt Vg3 dyrehald. Det vert lagt fram å flytte anleggsgartnarfaget til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og at idrettsanleggsfaget vert lagt ned.

Det tidlegare yrkesfaglege utdanningsprogrammet for **medie og kommunikasjon** vart i 2016 omgjort til eit studieførebuande utdanningsprogram. Lærefaga er vidareført som eige programområde på Vg1 i utdanningsprogram for design og handverk, som ei mellombels løysing. Det vert tilrådd å legge ned programområdet Vg1 medieproduksjon og at lærefaga vert vidareført i eit nytt utdanningsprogram for design. Det vert lagt fram å legge ned lærefaget mediedesign.

Fylkesdirektøren er samd i mange av framlegga, og argumentasjonen for dei fleste endringane er veldokumentert.

Fylkesdirektøren meiner likevel at for Sogn og Fjordane fylkeskommune vil ei oppdeling i fleire Vg2-programområde føra til at vi ikkje vil ha søkjargrunnlag til fulle grupper, og må sette i gang grupper med færre elevar, med dei økonomiske konsekvensane det får. Dette vil gjelde alle våre programområde der ein har eit svakt søkjargrunnlag.

Endringar i utdanningsprogramma

Bygg og anleggsteknikk

1.2.1 Bør Vg2 byggtექnikk delast i Vg2 tømrrar og Vg2 betong og mur?

Svar: Nei.

Fylkesdirektøren si vurdering:

Det er i dag ein stor etterspurnad etter fagarbeidarar innan betong og mur i Sogn og Fjordane. Slik tilbudsstrukturen er i Sogn og Fjordane, med små skular med få parallellar, er me uroa over at forslaget om å dele dagens Vg2 byggtექnikk til Vg2 tømrrar og Vg2 betong og mur, vil føre til ein reduksjon i talet på søkjarar til betongfaget og slik ei forverring av dagens situasjon.

Vg2 betong og mur vil ikkje vere mogleg å tilby ved alle dei vidaregåande skulane som i dag har Vg2 byggtექnikk. Sjølv om eit separat Vg2 tilbod for betong og mur truleg vil styrkje det faglege innhaldet, meiner me at dagens system legg til rette for ei spesialisering ved å utnytte mulighetene som ligg i faget YFF, og samstundes føre til best rekruttering for faget.

1.4 Bør Vg2 klima-, energi og miljøteknikk delast i Vg2 røyr og Vg2 ventilasjon, taktekking og membran?

Svar: Nei

Fylkesdirektøren si vurdering:

Oppsplitting av Vg2 KEM til separate programområde for røyr og ventilasjon kan slik vi ser det lett kunne føre til nedlegging av tilbod i fag næringslivet pr. i dag slit med å få nok lærlingar til. Viser elles til generell kommentar under 1.2.1.

1.14 Vg2 anleggsgartnar og idrettsanleggsfaget

Programfaget yrkesfagleg fordjuping (YFF) gjev i tillegg muligheit til tidleg spesialisering både i Vg1 og Vg2. Dersom det viser seg å vere eit behov, kan det også utviklast rettleiarar til YFF som tek utgangspunkt i yrka som eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk fører fram til.

Fagleg råd for design og handverk støttar tilrådingane frå yrkesfagleg utval for immateriell kulturarv og små verneverdige fag om å oppretthalde tilbodet for dei tradisjonelle handverksfaga i vidaregåande opplæring.

Fagleg råd for design og handverk har foreslått å opprette fem nye utdanningsprogram. Fleire av dei føreslåtte utdanningsprogramma vil etter dagens elevtal kunne ha eit elevgrunnlag på ca. 100 elevar(nasjonalt). Det vil mest sannsynleg ikkje vere mogleg for fylkeskommunane å tilby så mange utdanningsprogram på Vg1 med eit så lågt søkjargrunnlag. Eit auka tal utdanningsprogram vil gje elevane færre programområde på Vg2 og fagbrev å velje mellom. I tillegg er det dei siste åra inngått svært få lærekontraktar i dei aktuelle lærefaga (sjå tabell).

NYE LÆREKONTRAKTAR

2014 2015 2016

Samla tal nye lærekontraktar innan saum og tekstilhandverk, metall- og glasshandverk og snekker og trehandverk

96 99 117

Kjelde: Utdanningsdirektoratet (statistikkportalen)

Det vert difor føreslått å samle tradisjonshandverksfaga i eitt nytt utdanningsprogram. Ei slik løysing er å sjå på som mindre risikabel, gitt eit lågt søkjargrunnlag og dagens skulestruktur, og mangel på læreplassar. Med utgangspunkt i elevtal på dei aktuelle programområda på Vg2, er det samla om lag 300-500 elevar på landsbasis. Samanlikna har Vg1 Naturbruk, det minste utdanningsprogrammet per i dag, om lag 1900 elevar på landsbasis på Vg1.

Fleire av programområda som vert foreslått å bygge på eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk, er i dag etablerte som landsdekkande- eller landslinjetilbod. Denne ordninga vil kunne sikre at Vg1 tradisjonshandverk vil bli etablert i dei fleste fylkeskommunane. Landslinjer og landsdekkande tilbod gjev i tillegg elevar frå heile landet høve til å søke dette utdanningsprogrammet (sjå tabell).

VG2 TILBOD I NYTT VG1 TRADISJONSHANDVERK

LANDSDEKKANDE TILBOD

LANDSLINJETILBOD

Børsemakar

1 skule (Sør-Trøndelag)

Design og duodji

1 skule (Finnmark)

Design og gullsmedhandverk

2 skular (Aust-Agder og Oslo)

Design og tekstil

Smed

1 skule (Hordaland)

Ur- og instrumentmakar

1 skule (Buskerud)

**VG2 TILBOD I NYTT VG1
TRADISJONSHANDVERK**

**LANDSDEKKANDE
TILBOD**

LANDSLINJETILBOD

Design og trearbeid og trebåtbyggjar

Vg2 design og tekstil vert tilbydt på 20 skular i landet. I inneverande skuleår er det tilbod i alle fylke med unntak av Telemark, Sogn og Fjordane og Finnmark. Vg2 design og trearbeid vert tilbydt ved 6 skular i fem fylke.

1.1.1 Bør det opprettast eit nytt Vg1 tradisjonshandverk?

Svar: Ja

Høyringsinstansen sitt syn på fagnemninga tradisjonshandverk?

Fylkesdirektøren si vurdering:

Fylkesdirektøren tykkjer fagnemninga er god.

1.2 DEI SMÅ VERNEVERDIGE FAGA – ENDRING AV NEMNING PÅ GRUPPA

1.2.1 Bør gruppa små verneverdige fag endre nemning til tradisjonshandverksfag?

Svar: Ja

1.3 VG2 BØRSEMAKAR OG VG3 BØRSEMAKARFAGET

Det vert høyring gjeldande to alternativ for plassering av Vg2 børsemakar og Vg3 børsemakarfaget.

1. tilboda vert vidareført i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk (med kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon)
2. tilboda vert flytta til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon

1.3.1 Grunngeving for to alternativ for plassering av Vg2 børsemakar og Vg3 børsemakarfaget

Programområdet Vg2 børsemakar er i dag ein del av utdanningsprogram for design og handverk. Faget har i tillegg kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon.

Vg2 børsemakar vert tilbydt på Gauldal vidaregåande skule (landsdekkande tilbod). Skulen hadde 7 elevar på Vg2 børsemakar i skuleåret 2015-16. Vg2 børsemakar har hatt i overkant av 30 søkarar årleg dei siste åra. På grunn av eit avgrensa behov for nye faglærte i bransjen vert skuletilbodet dimensjonert strengt i forhold til tilgjengelige læreplassar. Børsemakarfaget er eit verneverdig fag med eit lite, men stabilt rekrutteringsbehov. Det er oppnådd totalt 15 fagbrev i børsemakarfaget dei tre siste åra.

Børsemakarfaget er på lista over små og verneverdige fag. Dette tilseier at faget bør vidareførast i nytt Vg1 tradisjonshandverk.

Samtidig har b rsemakarfaget fellestrekk med andre mekaniske fag. Bransjane er ogs  positive til at Vg2 b rsemakar og Vg3 b rsemakarfaget vert flytta til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon.

1.3.1 I kva utdanningsprogram meiner h ringsinstansen at Vg2 b rsemakar og Vg3 b rsemakarfaget skal vidaref rast?

Svar: I nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk, med kryssl p fr  utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon

Fylkesdirekt ren si vurdering:

Ein b r vurdere om dette skal bli eit 1+3 l p i utdanningsprogrammet for tradisjonshandverk

1.4 DESIGN OG TREARBEID MED TILH YRANDE L REFAG

Det vert h ring gjeldande to alternativ for Vg2 design og trearbeid med tilh yrande l refag, b kkar-, m belsnekkar-, orgelbygger-, tredreiar- og treskjerarfaget.

1. Programomr det Vg2 design og trearbeid med tilh yrande l refag vert vidaref rt i nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk og endrar nemning til Vg2 trearbeid
2. L refaga vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk
 - Vg3 m belsnekkar skal bygge p  eit nytt Vg2 m bel og treteknikk (sj  ogs  Bygg- og anleggsteknikk, 1.9 Vg2 treteknikk)
 - B kkar-, orgelbygger-, tredreiar- og treskjerarfaget endrar oppl ringsmodell fr  hovudmodellen (2+2) til s rl psmodell (1+3)

1.4.1 Grunngeving for at programomr det Vg2 Design og trearbeid med tilh yrande l refag vert vidaref rt i nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk og endrar nemning til Vg2 trearbeid

Trearbeidsfaga b kkar-, orgelbygger, tredreiar- og treskjerarfaget er verneverdige handverksfag som er n r i slekt med kvarandre og difor h yrer naturleg saman i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk. Dette talar ogs  for at m belsnekkar vert vidaref rt saman med dei andre trearbeidsfaga i det nye utdanningsprogrammet.

1.4.1 B r Vg2 design og trearbeid med tilh yrande l refag vidaref rast i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk

Svar: Ja

B r programomr det Vg2 design og trearbeid endra fagnemning til Vg2 trearbeid p  eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk?

Svar: Ja

1.4.2 Grunngeving for at l refaga vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk

Framlegget om   flytte l refaga fr  utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk inneber: 1) Vg3 m belsnekkar skal bygge p  eit nytt programomr de Vg2 m bel og treteknikk (sj  *Bygg- og anleggsteknikk 1.9, Vg2 treteknikk*) 2) B kkar-, orgelbygger-, tredreiar- og treskjerarfaget endrar oppl ringsmodell fr  hovudmodellen (2+2) til ein s rl psmodell (1+3)

Dersom trefaga som i dag h yrer til utdanningsprogrammet for design og handverk vert flytta, vil elevar som s kjer utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk, kunne velje mellom fleire programomr de og l refag enn det som er mogleg etter dagens ordning. I dag vert utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk tilbydt i alle fylkeskommunar. Ei flytting av l refaga fr  utdanningsprogram for design og handverk vil kunne bidra positivt for rekruttering til desse l refaga.

Høyringsinstansane vert bedne om å vurdere om møbelsnikkarfaget skal flyttast til Vg2 treteknikk og at programområdet endrar fagnemning til Vg2 møbel og treteknikk.

Det store fleirtalet av dei som går opp til fag- eller sveineprøve i desse lærefaga, gjer det gjennom praksiskandidatordninga. Ved å endre opplæringsmodellen frå hovudmodellen (2+2) til særloop (1+3) for bøkkar-, orgelbygger-, tredreiar- og treskjerarfaget, vil opplæringa på Vg2 og Vg3 skje i bedrift der fagkompetansen best kan bli ivaretatt.

1.4.2 Bør Vg2 design og trearbeid med tilhøyrande lærefag flyttast til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk?

Svar: Nei

Bør Vg3 møbelsnekkar bygge på Vg2 treteknikk og programområdet endra fagnemning til Vg2 møbel og treteknikk?

Svar: Ja

Bør bøkkarfaget, orgelbyggerfaget, tredreiarfaget og treskjerarfaget endre opplæringsmodell frå hovudmodellen (2+2) til særlopsmodell (1+3)

Svar: Ja

1.5 BÅTGYGGAR, VG3 TREBÅTBYGGARFAGET OG VG3 KOMPOSITTBÅTBYGGARFAGET

Det er framlegg om å legge ned Vg2 båtbyggjar og Vg3 komposittbåtbyggjarfaget.

For Vg3 trebåtbyggjarfag vert to alternativ lagde ut til høyring:

1. Trebåtbyggjarfaget skal bygge på Vg2 trearbeid på nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk
2. Trebåtbyggjarfaget vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og vert gjort om til særlopsfag (1+3)

1.5.1 Grunngeving for å legge ned Vg2 båtbyggjar

Vg2 båtbyggjar rekrutterer i dag til to lærefag: trebåtbyggjarfaget og komposittbåtbyggjarfaget. Det er berre ein privatskule som tilbyr Vg2 båtbyggjarfag i skuleåret 2016-2017. I skuleåret 2015-16 hadde skulen 9 elevar i Vg2 båtbyggjarfag. Det har sidan 2012 ikkje vore offentleg tilbod i Vg2 båtbyggjar. Det offentlege tilbodet vart avvikla i 2012, da søkinga var låg og komposittbransjen skulen rekrutterte til hadde ei nedgangstid i bygging og sal av nye komposittbåtar.

1.5.1 Bør programområdet Vg2 båtbyggjar leggest ned?

Svar: Ja

1.5.2 Grunngeving for å legge ned Vg3 komposittbåtbyggjar

Komposittbåtbyggjarfaget vart etablert med Kunnskapsløftet. Det har vore ein søkar til læreplass i faget dei tre siste åra. Det er avlagt i gjennomsnitt 5 fagbrev i komposittbåtbyggjarfaget dei tre siste åra. Faget er av dei små faga i fag- og yrkesopplæringa, men er ikkje eit verneverdig fag. Om lag 3/4 av nyutdanna med fagbrev hadde bakgrunn som praksiskandidat.

I følgje fagleg råd for design og handverk har småbåtproduksjonen i Noreg falle drastisk, og det er usikkert om den vil ta seg opp. Det er difor ei utfordring å oppretthalde eit tilbod når det både er få søkarar og svært få læreplassar i faget.

Fagbrev innan polymerkomposittfaget kan ifølgje Norsk komposittforening (NKF) gje dei same jobbmoglegheitene. Bransjen meiner det er god sjanse for å få jobb for faglærte i komposittmaterialet innan komposittbåtbyggjarfaget. Kompetansebehovet innan komposittbåtbygging kan med dette ivaretakast av andre lærefag, fortrinnsvis av «plastfaga» i utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon.

1.5.2 Bør Vg3 komposittbåtbyggjarfaget leggjast ned?

Svar: Ja

1.5.3 Grunngeving for å vidareføre Vg3 trebåtbyggjar i nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk

Det vert føreslått at Vg3 trebåtbyggjarfaget vert vidareført i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk og skal bygge på Vg2 trearbeid.

Dei siste tre åra er det oppnådd 12 fagbrev i trebåtbyggjarfaget. I 2016 var det 10 søkarar til læreplass. Ingen av søkarane hadde ungdomsrett.

Trebåtbyggjarfaget er eit verneverdig fag, og høyrer difor naturleg til på eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk. Faget er eit av dei største innanfor gruppa av små verneverdige fag med 10 nye lærekontraktar i 2016.

Trebåtbyggjarfaget er eit trearbeidsfag og har difor mange felleselement med tredreiar-, treskjerar- og møbelsnekkarfaget. Dette tilseier at trebåtbyggjar kan rekruttere frå same Vg2 som dei øvrige trearbeidsfaga (Vg2 trearbeid).

1.5.3 Bør Vg3 trebåtbyggjarfaget vidareførast på eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk og bygge på Vg2 trearbeid?

Svar:Ja

1.5.4 Grunngeving for å flytte vg3 trebåtbyggjarfaget til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk

Det vert foreslått at trebåtbyggjarfaget vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og at faget endrar opplæringsmodell frå hovudmodellen (2+2) til ein særlopsmodell (1+3).

Dersom trebåtbyggjarfaget som i dag høyrer til utdanningsprogram for design og handverk vert flytta, vil elevar som søker utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk kunne velje mellom fleire programområde og lærefag enn det som er mulig etter dagens ordning. I dag vert utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk tilbydd i alle fylkeskommunar. Ei flytting av trebåtbyggjarfaget frå design og handverk vil kunne bidra positivt for rekruttering til faget.

Ved å endre opplæringsmodell for trebåtbyggjarfaget frå hovudmodellen (2+2) til særlop (1+3), vil opplæringa etter Vg1 skje i bedrift, der fagkompetansen best kan bli ivarett.

1.5.4 Bør Vg3 trebåtbyggjarfaget flyttast til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk og endre opplæringsmodell frå hovudmodellen (2+2) til ein særlopsmodell (1+3)?

Svar: Ja

1.7 VG2 DESIGN OG GULLSMEDHANDVERK

Det vert foreslått å vidareføre programområdet Vg2 design og gullsmedhandverk og tilhøyrande lærefag i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk. Det vert foreslått å endre fagnemninga frå Vg2 design og gullsmedhandverk til Vg2 gull- og sølvsmedhandverk.

For grunngjeving for oppretting av eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk, sjå 1.1
Forslag om eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk

1.7 Bør programområdet Vg2 design og gullsmedhandverk, med tilhøyrande lærefag, vidareførast ei eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk?

Svar: Ja

Bør programområdet Vg2 design og gullsmedhandverk endra fagnemning til Vg2 gull- og sølvsmedhandverk?

Svar: Ja

1.8 VG2 DESIGN OG TEKSTIL OG TILHØYRANDE LÆREFAG

Det vert foreslått å vidareføre programområdet Vg2 design og tekstil og tilhøyrande lærefag i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk. Det vert foreslått å endre fagnemninga frå design og tekstil til Vg2 saum og tekstilhandverk.

For grunngjeving for å opprette eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk, sjå 1.1. Framlegg om eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk

1.8 Bør programområdet Vg2 design og tekstil, med tilhøyrande lærefag vidareførast i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk?

Svar: Ja

Bør programområdet Vg2 design og tekstil endre fagnemning til Vg2 saum og tekstilhandverk?

Svar: Nei

1.9 VG2 OG VG3 PIANOSTEMMING OG PIANOTEKNIKK

Det vert foreslått at Vg2 og Vg3 pianostemming og pianoteknikk vert lagt ned.

1.9.1 Grunngjeving for å legge ned Vg2 og Vg3 pianostemming og pianoteknikk

Pianostemmar og pianoteknikk er eit yrkeskompetansefag med opplæring i skule. Det er per i dag ingen skular som tilbyr Vg2 og Vg3 pianostemming og pianoteknikk. Rud videregående skole i Akershus hadde eit landsdekkande tilbod som vart lagt ned i 2010 på grunn av låg søking.

Bransjen meiner det er eit stort og udekkka behov for pianostemmarar i Noreg, både i den private og offentlege marknaden, her under kulturinstitusjonar, kulturskular og skular. Fagleg råd for design og handverk gjentek i utviklingsutgreiinga for 2015-16 eit innspel frå Musikernes fellesorganisasjon (MFO) som meiner faget er høgt spesialisert og krev lang trening. Det er etter MFO sitt syn ikkje mogleg å utføre dette arbeidet utan relevant utdanning. Det er i tillegg oppretta eit tilbod på Norges Musikkhøyskole for pianostemmarar.

1.9.1 Bør Vg2 og Vg3 pianostemming og pianoteknikk leggest ned?

Svar: Ja

1.10 VG2 SMED OG VG3 SMEDFAGET

Det vert foreslått å vidareføre programområdet Vg2 smed og tilhøyrande lærefag i nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk.

For grunngjeving for å opprette eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk, sjå 1.1 *Framlegg om eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk*

1.10.1 Bør programområdet Vg2 smed, med tilhøyrande lærefag, vidareførast i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk?

Svar: Ja

1.11 VG2 UR- OG INSTRUMENTMAKAR

Det vert foreslått å vidareføre programområdet Vg2 ur- og instrumentmakar i nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk.

Det vert foreslått å legge ned lærefaget Vg3 storurmakarfaget (se 1.12 *Vg3 storurmakar*).

For grunngjeving for å opprette eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk, sjå 1.1 *Framlegg om eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk*.

1.11.1 Bør programområdet Vg2 ur- og instrumentmakar vidareførast i eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk?

Svar: Ja

1.12 STORURMAKARFAGET

Det vert foreslått at Vg3 storurmakarfaget vert lagt ned

1.12.1 Grunngjeving for å legge ned Vg3 storurmakarfaget

Fagleg råd for design og handverk foreslår å legge ned Vg3 storurmakarfaget. Det var ingen søkarar til storurmakarfaget i 2016. I løpet av dei siste åtte åra er det teikna to nye sveinebrev i faget. Forslaget er i tråd med tilrådinga frå Norges Urmakerforbund. Bransjen meiner storurmakaropplæring bør bygge på fullført urmakarutdanning. Bransjen meiner urmakarar som allereie har kompetanse på dette feltet, vil sikre opplæringa.

Ifølge Norges Urmakerforbund er det etterspurnad etter kompetanse på reparasjon av store ur, og fleire urmakarar har lang ventetid. Dette tyder på at fagkompetansen er noko etterspurt og verdsett. Når bransjen trass i dette foreslår å legge ned storurmakarfaget, er det fordi dei meiner kompetansebehovet kan ivaretakast gjennom urmakarfaget. Bransjen meiner dei kan sjølv sikre at kompetansen vert overført til nye utøvarar med interesse for store ur.

1.12.1 Bør Vg3 storurmakarfaget leggst ned?

Svar: Ja

1.13 VG3 GIPSMAKARFAGET

Det vert foreslått å vidareføre gipsmakarfaget som ein særlopsmodell og at faget vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

1.13.1 Grunngjeving for å vidareføre gipsmakarfaget som ein særlopsmodell og at faget vert flyttas til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk

I gipsmakarfaget er det teikna to nye lærekontraktar i løpet av dei siste tre åra. Tre har oppnådd eit sveinebrev i faget dei siste åtte åra.

Arbeidsmarknaden for faglærte i gipsmakarfaget er generelt avgrensa, men det er eit behov for å bevare og vidareføre faget. I gipsmakarfaget vert det laga hovudsakleg produkt retta mot bygg i form av ulik dekor utvendig og innvendig i bygningar. Mellom anna har Nidaros domkirke sine restaureringsarbeid ein gipsverkstad. Forbrukarane er hovudsakleg private, men også offentlige når det gjeld til dømes restaureringsprosjekt.

Ved å vidareføre gipsmakarfaget og legge det til utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk, vil lærefaga kunne gjerast betre kjent for både elevane og bransjen. Dersom gipsmakarfaget som i dag vert tilbydt i utdanningsprogram for design og handverk vert flytta, vil elevar som søker utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk kunne velje mellom fleire lærefag enn det som er mogleg etter dagens ordning. I dag vert Vg1 bygg- og anleggsteknikk tilbydt i alle fylkeskommunane.

1.13.1 Bør gipsmakarfaget flyttast til utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk?

Svar: Ja

1.14 KORGMAKARFAGET

Det vert foreslått å vidareføre korgmakarfaget i ein særlopsmodell og at faget vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

1.14.1 Grunngeving for å vidareføre korgmakarfaget i ein særlopsmodell og at faget vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk

I korgmakarfaget er det teikna fire nye lærekontraktar i løpet av dei siste tre åra. To har oppnådd sveinebrev i faget dei siste åtte åra.

Arbeidsmarknaden for faglærte innan korgmakarfaget er generelt avgrensa, men det er eit behov for å bevare og vidareføre faget. Korgmakarfaget er lite utbreidd og har få utøvarar. Faget har både privat og offentleg etterspørsel.

Ved å vidareføre korgmakarfaget og legge det til utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk vil faga bli betre kjent for både elevane og bransjen. Dersom korgmakarfaget som i dag vert tilbydt på utdanningsprogram for design og handverk vert flytta, vil elevar som søker utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk kunne velje mellom fleire lærefag enn det som er mulig etter dagens ordning. I dag vert Vg1 bygg- og anleggsteknikk tilbydt i alle fylkeskommunane.

1.14.1 Bør korgmakarfaget flyttast til utdanningsprogram for bygg og anleggsteknikk

Svar: Bør vurdere dette som eit tilbod innan utdanningsprogrammet tradisjonshandverk

1.15 FRAMLEGG OM NYTT UTDANNINGSPROGRAM FOR DESIGN

Det vert foreslått at deler av utdanningsprogrammet for design og handverk vert vidareført i eit nytt utdanningsprogram for design. Det vert foreslått at Vg1 design fører fram til programområda Vg2 frisør, Vg2 blomsterdekoratør, Vg2 interiør og utstillingsdesign og Vg2 medieproduksjon, med tilhøyrande Vg3-tilbud. Det vert foreslått at maskør- og parykkmakarfaget vert vidareført som særlopfag i utdanningsprogram for design.

1.15.1 Grunngeving for eit nytt utdanningsprogram for design

Føremålet med framlegget er å samle fag med flest mogleg felleselement i same utdanningsprogram, slik at elevane kan starte med opplæring i faget i Vg1. Partane i arbeidslivet har gjeve uttrykk for at dagens struktur i design og handverk ikkje ivaretek dette behovet i tilfredsstillande grad.

Utdanningsprogram for design og handverk fører fram til mange lærefag som har få felleselement. På eit nytt utdanningsprogram for design vil opplæringa kunne samlast om felleselement som form og farge, komposisjon, visuell kommunikasjon, kunst og kultur, IKT, kundehandsaming, sal og marknadsføring.

Eit nytt utdanningsprogram for design vil kunne ha stort nok elevgrunnlag til å kunne verte oppretta som eige utdanningsprogram i alle fylkeskommunar.

Programfaget yrkesfagleg fordjuping (YFF) gjev i tillegg høve til tidleg fordjuping både i Vg1 og Vg2. Dersom det viser seg å vere eit behov, kan det også utviklast rettleiingar til YFF som tek utgangspunkt i yrka eit nytt utdanningsprogram for tradisjonshandverk fører fram til.

Det er grunn til å tru at søkinga til frisørfaget vil gje eit nødvendig elevgrunnlag for at eit nytt utdanningsprogram for design kan opprettast i alle fylkeskommunar. Programområdet Vg2 interiør- og utstillingsdesign og Vg2 medieproduksjonsfag vil kunne få fleire søkarar i eit nytt utdanningsprogram for design.

1.15.1 Bør det opprettast eit nytt utdanningsprogram design?

Svar: Ja

Høyringsinstansen sitt syn på fagnemninga Vg1 design

Fylkesdirektøren si vurdering:

Fylkesdirektøren tykkjer fagnemninga er god.

1.16 NEDLEGGING AV PROGRAMOMRÅDET VG1 MEDIEPRODUKSJON

Det vert foreslått at programområdet Vg1 medieproduksjon på utdanningsprogram for design og handverk vert lagt ned, og vidareført på eit nytt utdanningsprogram for Vg1 design.

1.16.1 Grunngeving for nedlegging av programområdet Vg1 medieproduksjon

I 2013 vart det bestemt at medie- og kommunikasjon skulle gjerast om til eit studieførebuande utdanningsprogram, gjeldande frå skuleåret 2016-2017, og at fotograffaget, mediegrafikarfaget og mediedesign skulle bygge på utdanningsprogram for design og handverk, og programområdet Vg1 og Vg2 medieproduksjon skulle vere ei midlertidig løysing.

Det var 273 søkarar til Vg1 medieproduksjon skuleåret 2016-2017. Rekrutteringa til arbeidslivet frå lærefaga innanfor medieproduksjon er låg. Sidan 2011 har det samla talet nye lærekontraktar i fotograffaget og mediegrafikarfaget lege på rundt 150 nye kontraktar i året. Det låge talet søkarar til medieproduksjonsfaga gjev ikkje grunnlag for å vidareføre medieproduksjon som et eige programområde på Vg1.

1.16.1 Bør programområdet Vg1 medieproduksjon på utdanningsprogram for design og handverk leggest ned?

Svar: Ja

Bør medieproduksjon vidareførast som del av eit nytt utdanningsprogram for design?

Svar: Ja

1.17 VG2 MEDIEPRODUKSJON

Vg2 medieproduksjon vert vidareført i nytt utdanningsprogram for design. Det vert foreslått at Vg3 mediegrafikarfaget og Vg3 fotograffaget skal bygge på Vg2 medieproduksjon. Det vert foreslått at Vg3 mediedesign vert lagt ned.

1.17.1 Grunngeving for å vidareføre Vg2 medieproduksjon i nytt utdanningsprogram for design

For grunngeving for nytt utdanningsprogram for design, sjå 1.15 *Framlegg om eit nytt utdanningsprogram for design*.

1.17.1 Bør Vg2 medieproduksjon vidareførast som del av nytt Vg1 design

Svar: Ja

1.18 VG3 MEDIEDESIGN

Det vert foreslått å legge ned Vg3 mediedesign. Det vert foreslått at deler av Vg3 mediedesign vert ivareteke i Vg3 mediegrafikar.

1.18.1 Grunngeving for å legge ned Vg3 mediedesign og at deler av Vg3 mediedesign vert ivareteke på Vg3 mediegrafikar

Rekrutteringa til Vg3 mediedesign har gått ned og vert tilbydt berre ved ein skule i landet. Det er også vanskeleg for elevane å få relevant arbeid etter fullført Vg3 mediedesign. Mange held fram med påbygg til generell studiekompetanse.

Fagleg råd for medie og kommunikasjon (FRMK) har også foreslått å dele mediegrafikarfaget, og å skilje ut film- og videoteknikk som eit eige lærefag. Vg3 mediegrafikar og Vg3 mediedesign har fleire felleselement. Ei deling av mediegrafikarfaget vil gi ytterlegare rom for å ivareta deler av mediedesign i mediegrafikarfaget.

1.18.1 Bør Vg3 mediedesign leggst ned, samstundes som deler av mediedesign vert ivareteke på Vg3 mediegrafikar?

Svar: Ja

1.19 VG3 FILM- OG VIDEOTEKNIKKFAGET

Det vert høyring gjeldande framlegg om nytt lærefag i film og videoteknikk. Faget skal bygge på Vg2 medieproduksjon

1.19.1 Grunngeving for å opprette nytt lærefag i film og videoteknikk

Fagleg råd for media og kommunikasjon har foreslått at film- og videoteknikarfaget vert oppretta som nytt lærefag og at faget skal følge 2+2-modellen. Opplæring i bedrift skal bygge på Vg2 medieproduksjon.

FRMK ønsker å etablere film- og videoteknikarfaget som nytt lærefag. Medieproduksjonsfaget vart i si tid etablert som eit breitt lærefag for å kunne dekke store deler av bransjen. Målet med eit slikt breitt fag var å vere førebudd på endringar, men auka krav til spisskompetanse, spesielt innan film-, lyd- og videoteknikk, tilseier at det kan vere behov for eit nytt lærefag.

Det er førebels ikkje undersøkt kva behov arbeidslivet har for fagarbeidarar i film- og videoteknikk, og om det kan etablerast læreplassar i faget. Det er også usikkert om eit nytt lærefag i film- og videoteknikk vil kunne etablere seg som ein sikker rekrutteringsveg til arbeidslivet i konkurranse med høgare utdanning.

Høyringsinstansane vert bedne om å vurdere behovet for eit eige lærefag i film- og videoteknikk på vidaregåande opplæringsnivå.

1.19.1 Bør Vg3 film- og videoteknikkfaget opprettast som nytt lærefag

Svar: Nei

1.20 VIDAREFØRING AV EKSISTERANDE PROGRAMOMRÅDE PÅ VG2 I NYTT UTDANNINGSPROGRAM FOR DESIGN

Det vert foreslått at følgjande Vg2 programområde med tilhøyrande lærefag vert vidareført i nytt utdanningsprogram for design:

- Vg2 og Vg3 frisør
- Vg2 og Vg3 blomsterdekoratør
- Vg2 Interiør og utstillingsdesign, Vg3 interiør, Vg3 utstillingsdesign og Vg3 profileringsdesign

Endringane kjem som følgje av framlegget om eit nytt utdanningsprogram for design. Endringane er dei same for alle tre Vg2-tilbod. Høyringane her vert difor samla.

1.20.1 Grunngeving for å vidareføre Vg2 frisør, Vg2 blomsterdekoratør, Vg2 interiør og utstillingsdesign, med tilhøyrande lærefag i nytt utdanningsprogram for design

Dette følgjer av endringar på Vg1. For grunngeving for nytt utdanningsprogram for design, sjå 1.15 Framlegg om eit nytt utdanningsprogram for design.

1.20.1 Høyringsinstansane vert bedne om kommentar til ny plassering av Vg2 frisør, Vg2 blomsterdekoratør, Vg2 interiør og utstillingsdesign, med tilhøyrande lærefag.

Fylkesdirektøren si vurdering:

Ein bør vurdere å opprette eit eige Vg2 for frisør/hudpleie. Frisør vert eit ordinært 2+2-løp, medam hudpleie vil bli eit 3årig løp i skule

1.21 VG2 AKTIVITØR OG VG3 AKTIVITØRFAGET

Det vert foreslått at Vg2 aktivitør og Vg3 aktivitørfaget vert flytta frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag.

1.21.1 Grunngeving for å flytte Vg2 aktivitør og Vg3 aktivitørfaget frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag

Faget og aktivitøren sin kompetanse ligg i dag i skjæringspunktet mellom handverksfag og helse-, oppvekst- og omsorgsfag. Det kan vere føttemålstenleg å knytte aktivitørfaget tettare til andre helsefag. Endringar i tilbodsstrukturen kan føre til at faget vert meir synleg i helse- og omsorgssektoren, noko som igjen kan bidra til å auka rekruttering.

I lys av utfordringane faget står overfor, utviklinga i faget og dei andre endringane som vert foreslått for utdanningsprogram for design og handverk, vert det foreslått å flytte Vg2 aktivitør og Vg3 aktivitørfaget til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag.

1.21.1 Bør Vg2 aktivitør og Vg3 aktivitørfaget flyttast frå utdanningsprogram for design og handverk til utdanningsprogram for helse- og oppvekstfag?

Svar: Ja

1.22 VG3 MASKØR- OG PARYKKMAKARFAGET

Det vert foreslått at Vg3 maskør- og parykkmakarfaget vert vidareført i nytt utdanningsprogram for design.

1.22.1 Grunngeving for at Vg3 maskør- og parykkmakarfaget vert vidareført i nytt utdanningsprogram for design

Maskør- og parykkmakerfaget er eit av dei verneverdige faga. Innspel frå bransjen viser at dei rekrutterer hovudsakleg lærlingar som har kompetanse i frisørfaget. Ved å legge faget til utdanningsprogram for design vil det imøtekomme behovet i bransjen med ei relevant opplæring.

Elektrofag

1.2. FLYTTING AV VG2 IKT-SERVICE TIL UTDANNINGSPROGRAM FOR ELEKTRO

Det vert foreslått å flytte Vg2 IKT-servicefag og tilhøyrande lærefag til utdanningsprogram for elektro og at ordninga med kryssløp frå alle utdanningsprogram vert avvikla. Sjå *Service og samferdsel, 1.9 Vg2 og Vg3 IKT-servicefag*.

Fylkesdirektøren si vurdering:

- Fylkesdirektøren støttar dette framlegget, men ein bør behalde kryssløpsordninga. Ordninga bidreg til gjennomføring for elevar med særinteresse innan data og support, som har gjennomført VG1 kurs frå andre programområde.

1.3 VG2 DATA OG ELEKTRONIKK

Ved å endre fagnemninga til datateknologi og elektronikk på Vg2 meiner det faglege rådet for elektrofag at unge med interesse for datateknologi, IKT og programmering kan motiverast til å søke fagopplæring. Ei ny fagnemning på Vg2 kan gje elevane betre informasjon om og eit betre inntrykk av kva faga handlar om, slik at dei kan gjere gode val i overgangen mellom Vg1 og Vg2.

1.3.1 Bør programområdet for Vg2 data og elektronikk endre fagnemning til Vg2 datateknologi og elektronikk?

Svar: Ja

1.4 VG2 ELENERGI

Fagleg råd for elektrofag foreslår å endre fagnemninga frå Vg2 elenergi til Vg2 elenergi og ekom. Fagleg råd for elektrofag ønsker med denne namneendringa å synleggjere at elektronisk kommunikasjon (ekom) er ein del av opplæringa. Ekomnett er eit system for signaltransport som gjer det mogleg å overføre lyd, tekst, bilde eller anna data ved hjelp av elektromagnetiske signal i fritt rom eller kabel. Rådet meiner ekom i framtida vil dominere all utvikling i elektroniske nettverk. Samtidig ønsker rådet at elevane skal ha god informasjon om kva opplæringa handlar om, slik at dei kan gjere gode val i overgangen mellom Vg1 og Vg2.

1.4.1 Bør programområdet for Vg2 elenergi endre fagnemning til Vg2 elenergi og ekom?

Svar: Nei

Fylkesdirektøren si vurdering:

Namnet på programområdet må vere Vg2 elenergi og elektronisk kommunikasjon. Fylkesdirektøren meiner i tillegg at det bør opnast for kryssløp mellom Vg1 elektro og Vg2 Kjemiprosess. Grunngevinga for dette er at ein har eit like godt grunnlag for Vg2 Kjemiprosess frå Vg1 elektro som ein har frå Vg1 teknikk og industriell produksjon.

Helse og oppvekstfag

1.3. VG2 HELSESERVICEFAG

Det vert foreslått å innføre valfrie programfag på Vg2 helseservicefag: helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk.

1.3.1 Grunngeving for innføring av valfrie programfag på Vg2 helseservicefag

Fagleg råd for helse- og oppvekstfag (FRHO) meiner det er behov for å innføre fordjupingsområde ved å opprette valfrie programfag i Vg2 helseservicefag: helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk for å gjere elevane godt førebudde til å møte yrket. FRHO ønsker ikkje å dele i tre programområde fordi elevgrunnlaget er lågt og fordi faga er i slekt. Å innføre valfrie programfag kan bidra til auka fagleg spesialisering.

Dersom valfrie programfag vert avgrensa til elevane sitt val av Vg3, vil dette vere ei ulempe for elevane som må bestemme yrkesval tidlegare enn med dagens ordning. Alternativt skal val av valfritt programfag i Vg2 helseservicefag ikkje avgrense elevane sitt val av Vg3. Vi ber om høyringsinstansane sitt syn på dette.

Eit alternativ til å innføre valfrie programfag på Vg2 helseservicefag kan vere å utnytte dei høva som ligg i programfaget *Yrkesfagleg fordjuping (YFF)*. Vi ber difor høyringsinstansane vurdere om *Yrkesfagleg fordjuping (YFF)* kan vere ei løysing som kan gje elevar og skular høve til tidlegare spesialisering, både i Vg1 og i Vg2. YFF har totalt 421 timar (60 min) fordelt på Vg1 og Vg2.

Dersom det viser seg å vere eit behov, kan det også utviklast rettleingar til YFF som tek utgangspunkt i dei tre yrka som Vg2 helseservicefag fører fram til.

Det er i dag krav om autorisasjon for helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikar frå Helsedirektoratet. Det bør difor vurderast om valfrie programfag på Vg2 på helseservicefag får konsekvensar for elevene sine val av Vg3. Fagleg råd for helse- og oppvekstfag har tilrådd at det ikkje vert oppretta eigne Vg2-tilbod for helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk fordi elevgrunnlaget er for lågt.

1.3.1 Bør det innførast valfrie programfag på Vg2 helseservicefag: helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk?

Svar: Nei

Dersom valfrie programfag vert innført på Vg2 helseservicefag, skal ikkje dette avgrense eleven sitt val av Vg3 (helsesekretær, tannhelsesekretær og apotekteknikk)?

Svar: Ja

Vil valfrie programfag på Vg2 helseservicefag kunne få konsekvensar for eleven sitt val av Vg3 og autorisasjon som helsepersonell?

Svar: Nei

Bør Vg2 helseservicefag oppretthaldast som eit eige Vg2 utan å innføre valfrie programfag og heller nytte yrkesfagleg fordjuping i Vg1 og Vg2 for å sikre fordjuping i faga?

Svar: Ja

Fylkesdirektøren si vurdering:

Valfrie programfag vil føre til behov for spissa lærarkompetanse i dei ulike fagområda. Dette kan vere ei utfordring å få til i praksis. Samla programfag med ei fordjuping gjennom faget YFF, vil vere tenleg og meir gjennomførbart. Ei innføring av valfrie programfag vil også låse og innskrenke eleven sitt val til vidare utdanning, då våre skular ikkje vil kunne tilby alle dei tre valfrie programfaga.

Naturbruk

1.2 VG2 ANLEGGSGARTNAR OG IDRETTSANLEGGSFAG

Norske anleggsgartnarar- miljø og landskapsentreprenører (NAML) ønskjer at anleggsgartnarfaget vert flytta til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk. Dette vert støtta av både av Fagleg råd for bygg- og anleggsteknikk (FRBA) og Fagleg råd for naturbruk (FRNA). Det vert opna for kryssløp frå Vg1 naturbruk til Vg2 anleggsgartnar på utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

1.2.1 Bør Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg endrast til Vg2 anleggsgartnar og flyttast frå utdanningsprogram for naturbruk til utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk?

Svar: Ja

Bør delane av Vg2 anleggsgartnar og idrettsanlegg som omhandlar innandørs idrettsanlegg flyttast til byggdriftarfaget (særløpsfag)?

Svar: Ja

Bør det opnast for kryssløp frå Vg1 naturbruk til Vg2 anleggsgartnar utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk?

Svar: Ja

1.3 IDRETTSANLEGGSFAGET

Det vert tilrådd å legge ned idrettsanleggsgfaget som eige lærefag. Fagleg råd for naturbruk (FRNA) meiner at deler av idrettsanleggsgfaget har fleire likskapsstrekk med byggdriftarfaget. Kompetanse knytt til innandørs idrettsanlegg vil bli ivareteke på byggdriftarfaget innan utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk. Kompetanse knytt til utandørs idrettsanlegg vert ivareteke på Vg3 anleggsgartnarfaget innan utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

1.3.1 Bør Vg3 idrettsanleggsgfaget leggst ned og faget bli ivareteke på høvesvis anleggsgartnarfaget (utandørs) og byggdriftarfaget (innandørs)

Svar: Ja

1.4 FISKE OG FANGST

Det vert tilrådd å fjerne kryssløp frå Vg1 restaurant og matfag til Vg2 fiske og fangst på utdanningsprogram for naturbruk. Basert på tal frå 2015 var det berre 3 av 119 elevar på Vg2 fiske og fangst som kom frå utdanningsprogram for restaurant- og matfag. FRNA støttar dette på fagleg grunnlag.

1.4.1 Bør kryssløp frå Vg1 restaurant og matfag til Vg2 fiske og fangst på utdanningsprogram for naturbruk fjernast?

Svar: Ja

1.5 LANDBRUK OG GARTNARNÆRING

Det vert tilrådd å innføre valfrie programfag på Vg2 landbruk og gartnarnæring. Landbruksfaget og gartnarfaget har mange felleselement, slik at innføring av valfrie programfag i Vg2 landbruk og gartnarnæring kan imøtekomme FRNA sitt ønskje om tidlegare spesialisering. Valfrie programfag kan innførast uavhengig av det pågåande forsøket med 2+2 modellen for agronom og gartnar

Innføring av valfrie programfag vil medføre ei tidlegare spesialisering. Dersom valfrie programfag avgrensar elevane sitt val av Vg3, vil dette vere ein ulempe for elevane som må avgjere yrkesval tidligare enn med dagens ordning. Det vert difor tilrådd at valfrie programfag ikkje skal avgrense elevane sitt val av Vg3. Vi ber om høyringsinstansane sitt syn på dette.

Eit alternativ til å innføre valfrie programfag på Vg2 landbruk og gartnarnæring kan vere å utnytte dei høva som ligg i programfaget *Yrkesfagleg fordjuping (YFF)*. Vi ber difor høyringsinstansane vurdere om *Yrkesfagleg fordjuping (YFF)* kan vere ei løysing som kan gje elevar og skular høve til tidlegare spesialisering, både i Vg1 og i Vg2. YFF har totalt 421 timar (60 min) fordelt på Vg1 og Vg2. Dersom det viser seg å vere eit behov, kan det også utviklast rettleiingar til YFF som tek utgangspunkt i dei to yrka som Vg2 landbruk og gartnarnæring fører fram til.

1.5.1 Bør det innførast valfrie programfag på Vg2 landbruk og gartnarnæring?

Svar: Nei

Dersom valfrie programfag vert innført på Vg2 landbruk og gartnarnæring skal valt programfag ikkje avgrense eleven sitt val av Vg3?

Svar: Ja

Bør Vg2 landbruk og gartnarnæring oppretthaldast som eitt Vg2 utan å innføre valfrie programfag og heller nytte programfaget yrkesfagleg fordjuping i Vg1 og Vg2 for å sikre tidlegare fordjuping i yrka?

Svar: Ja

1.6 HESTE- OG HOVSLAGARFAGET

Det vert foreslått at Vg2 heste- og hovslagarfag vert delt på følgjande måte:

Hovslagarfaget endrar opplæringsmodell frå 2+2 til særløpsfag (1+3). Hestefaget blir ein del av eit nytt Vg2 dyrehold og består som eige lærefag etter 2+2-modellen, sjå kapittel 1.7 *Framlegg om nytt Vg2 dyrehold*.

1.6.1 Grunngeving for å dele Vg2 heste- og hovslagarfaget og gjere om hovslagarfaget til særløpsfag

FRNA meiner at Vg2 heste- og hovslagarfag har for få felleselement til å oppretthalde eit felles Vg2-tilbod og tilrår at hovslagarfaget skal følgje ein særløpsmodell

1.6.1 Bør Vg2 heste – og hovslagarfaget delast?

Svar: Ja

1.6.1 Bør hovslagarfaget gjerast om frå ein 2+2 modell til eit særløpsfag (1+3-modell)?

Svar: Ja

1.7 FRAMLEGG OM NYTT VG2 DYREHALD

Det vert foreslått å opprette eit nytt Vg2 dyrehold og at hestefaget inngår i det nye programområdet. Høyringsinstansane vert bedne om vurdere fagnemninga for eit nytt Vg2

1.7.1 Grunngeving for å opprette eit nytt Vg2 dyrehold

FRNA meiner at hestefaget dekker eit kompetansebehov i arbeidsmarknaden, men at arbeidslivet i varierende grad etterspør fagbrev i hestefaget. Det er derfor ikkje grunnlag for eit eige Vg2 hestefag, og hestefaget vert foreslått å inngå i eit nytt Vg2 dyrehold.

I tillegg har ei rekke aktørar innan dyrehold foreslått at det vert oppretta eit nytt lærefag som kvalifiserer for arbeid med dyr, som mellom anna dyrepass, helse og stell, varehandel, opplevingar og turisme. Dyrehold skal rette seg mot ein marknad i vekst og eit aukande behov for fagkompetanse.

Det vert foreslått at Vg2 dyrehold fører fram til Vg3 hestefaget (fagbrev) og eit nytt Vg3 dyrehold (sjå 1.8 *Forslag om nytt Vg3 dyrehold*). Forslaget om eit Vg2 dyrehold vert støtta av FRNA.

1.7.1 Bør det opprettast eit nytt Vg2 dyrehold som inkluderer hestefaget

Svar: Ja

Fylkesdirektøren si vurdering:

Vg2 dyrehold gjev større moglegheiter og vil kvalifisere for eit breiare arbeidsliv.

1.8. FRAMLEGG OM NYTT VG3 DYREHALD

Det vert foreslått å opprette eit nytt Vg3 dyrehold. Utdanningstilbodet vil føre fram til yrkeskompetanse med vitnemål etter tre år i vidaregåande opplæring.

Utdanningsdirektoratet har mottatt søknad om å opprette eit *lærefag Vg3 dyrefag* med opplæring i bedrift. Fagleg råd for naturbruk støttar framlegget.

1.8.1 Grunngeving for å opprette Vg3 dyrehold

Eit nytt Vg2 dyrehold tek sikte på å utdanne til bransjar innanfor dyrenæring og handel. Dette er tradisjonelt næringar som tilset ufaglært arbeidskraft, og det er mindre etterspurnad etter fagarbeidarar.

Ein treårig yrkeskompetanse med vitnemål frå vidaregåande opplæring vil mest truleg kvalifisere for relevant arbeid, føre fram til ein reell arbeidsmarknad og vert difor vurdert som ei betre løysing enn å opprette eit nytt fagbrev som krev etablering av nye læreplassar.

1.8.1 Bør det opprettast eit nytt Vg3 dyrehold, som gjev 3-årig yrkeskompetanse med vitnemål?

Svar: Ja

Fylkesdirektøren si vurdering:

Det kan vere rett veg å gå, då læreplassituasjonen vil avgrense mogleg utdanningskapasitet sterkt. Dette føreset at det vert lagt til rette for at elevar som tek denne utdanninga får praktisk opplæring lagt inn i læreplanen for faget.

Restaurant- og matfag

1.2 VG2 MATFAG

Det vert føreslege å dele Vg2 matfag i Vg2 bakar- og konditor og Vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri.

Vg3 bakarfaget og Vg3 konditor rekrutterer frå eit nytt *Vg2 bakar- og konditor*. Vg3 kjøtskjerarfaget, Vg3 pøsemakarfaget, Vg3 slaktarfaget og Vg3 industriell matproduksjon rekrutterer frå eit nytt *Vg2 kjøtfag* og næringsmiddelindustri.

Høyringsinstansane vert bedne om å vurdere fagnemninga på Vg2-tilboda.

1.2.1 Grunngeving for å dele Vg2 matfag i Vg2 bakar- og konditor og Vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri

Vg2 matfag leier i dag både til handverksfag, som t.d. bakar og konditor, og til industrifag, som t.d. industriell matproduksjon. I følgje Fagleg råd for restaurant og matfag (FRRM) har dette bidrege til at Vg2 har ein utydeleg profil, og FRRM meiner at Vg2 matfag bør delast i tre nye Vg2 for å gje ei meir relevant og yrkesretta opplæring.

I høyringa vert det føreslege ei mellomløysing der framlegget er å dele Vg2 matfag i to nye Vg2: Vg2 bakar- og konditor og Vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri. Ei inndeling av Vg2 matfag i to nye programområde vert vurdert som tilstrekkeleg for å styrke fagleg innhald og ei relevant opplæring.

Høyringsinstansane vert bedne om å vurdere ev risiko ved deling av eksisterande Vg2 matfag. Å opprette fleire tilbod på Vg2 innanfor same utdanningsprogram kan bli utfordrande både for fylkeskommunane, som har ansvar for å opprette tilbodet, og for elevene som vil få færre lærefag å velja mellom når dei skal teikne lærekontrakt. Tidlegare har ikkje *Vg2 matfag* hatt tilstrekkeleg mange søkjarar til at det har blitt oppretta tilbod i alle fylkeskommunar.

Dei siste førebelse søkjartala for skuleåret 2017-2018 viser at Vg1 restaurant og matfag har størst prosentvis nedgang. Det vil sannsynlegvis bli ei utfordring for fylkeskommunane å opprette begge Vg2-tilboda med dagens elevgrunnlag.

Eit alternativ til å dele Vg2 matfag i to nye programområde kan vere å utnytte dei høva som ligg i programfaget *Yrkesfagleg fordjuping (YFF)*.

Vi ber difor høyringsinstansane vurdere om *Yrkesfagleg fordjuping (YFF)* kan vere ei løysing som kan gje elevar og skular høve til tidlegare spesialisering, både i Vg1 og i Vg2. YFF har totalt 421 timar (60 min) fordelt på Vg1 og Vg2. Dersom det viser seg å vere eit behov, kan det også utviklast rettleiingar til YFF som tek utgangspunkt i lærefaga som utdanningsprogram for restaurant og matfag fører fram til.

1.2.1 Bør Vg2 matfag delast i Vg2 bakar- og konditor og Vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri

Svar: Ja

Fylkesdirektøren si vurdering:

Vg2 Matfag er i dag svært omfattande og fagområda svært ulike. Framlegget om å dele Vg2matfag til Vg2 bakar- og konditor og Vg2 kjøttfag og næringsmiddelindustri, vil vere positivt for elevane sin motivasjon og kompetansen elevane vil kunne tileigne seg.

Høyringsinstansen sitt syn på fagnemninga Vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri?

Fylkesdirektøren si vurdering:

Fylkesdirektøren støttar framlegget

Bør Vg2 matfag oppretthaldast som eitt Vg2 matfag og nytte programfaget yrkesfagleg fordjuping i Vg1 og Vg2 for å gje høve til tidlegare spesialisering i lærefaga?

Svar: Nei

1.3 VG3 BUTIKKSLAKTARFAGET OG VG3 SJØMATHANDLARFAGET

Det vert foreslått å slå saman Vg3 butikkslaktarfaget og Vg3 sjømathandlarfaget til *Vg3 ferskvarekokk*. Det nye lærefaget skal bygge på Vg2 kokk og servitørfag.

1.3.1 Grunngeving for å slå saman Vg3 butikkslaktarfaget og Vg3 sjømathandlarfaget

Butikkslaktarfaget og sjømathandlarfaget har mange felleselement og kompetanseområde som kunnskap om råvarer og tillaging av desse. Service er ein sentral del av faga med kundehandsaming som ei sentral arbeidsoppgåve. I tillegg vert desse fagarbeidarane utdanna til den same arbeidsmarknaden: ferskvareavdelingar i daglegvarehandel og spesialforretningar. Faga har i dag relativt få lærlingar, og ved å slå saman dei to lærefaga til eitt felles lærefag vil dette kunne gje elevane ein større breidde i kompetansen og betre høve for arbeid.

1.3.1 Bør butikkslaktarfaget og sjømathandlarfaget slåast saman til eit nytt lærefag?

Svar: Ja

Høyringsinstansen sitt syn på fagnemninga ferskvarekokk?

Fylkesdirektøren si vurdering:

Eit dekkande namn og namnet ferskvarekokk verkar meir tiltalende enn tidlegare nemningar. Det nye lærefaget bør bygge på meir enn eitt Vg2, Vg2 kjøtfag og næringsmiddelindustri og Vg2 kokk- og servitørfag.

1.4 SJØMATPRODUKSJON

Det vert foreslått å legge ned Vg3 sjømatproduksjon som eige lærefag og la faget bli ein del av Vg3 industriell matproduksjon.

1.4.1 Grunngeving for at Vg3 sjømatproduksjon vert lagt ned som eige lærefag og vert ein del av Vg3 industriell matproduksjon

Fagleg råd for restaurant- og matfag har foreslått å legge ned Vg3 sjømatproduksjon som eige lærefag og la faget verte ein del av Vg3 industriell matproduksjon.

Det er få søkarar til lærekontrakt i sjømatproduksjonsfaget, og verksemdene ønsker å satse meir på ei generell matindustriutdanning. FRRM føreslår difor at Vg3 sjømatproduksjon vert lagt ned og integrert i Vg3 matproduksjon.

Sjømatproduksjon er venta å vere ein bransje i vekst, samstundes er det ei stor utfordring at det finst få søkarar til lærekontrakt. Faglært arbeidskraft er også lite etterspurt av verksemdene. FRRM har føreslått å innføre sjømatproduksjon som eit valbart fordjupingsområde i lærefaget industriell matproduksjon. Det er ikkje mogleg å innføre berre eitt fordjupingsområde i eit lærefag. (Dette er eit prinsipielt spørsmål som er drøfta i eige notat, *Fordjupingar på Vg3/opplæring i bedrift*). Det vert difor føreslått at sjømatproduksjon vert integrert i Vg3 industriell matproduksjon.

1.4.1 Høyringsinstansen sitt syn på at sjømatproduksjon vert lagt ned som eige lærefag og vert integrert i Vg3 industriell matproduksjon

Fylkesdirektøren si vurdering:

Det er gode argument som ligg til grunn for endringane.

1.5 VG3 INSTITUSJONSKOKK

Fagleg råd for restaurant- og matfag har føreslått å endre namn frå Vg3 institusjonskokk til Vg3 ernæringskokk.

1.5.1 Grunngeving for å endra namn frå Vg3 institusjonskokk til Vg3 ernæringskokk

Fagleg råd for restaurant og matfag meiner at eit namnebyte kan bidra til å styrke rekrutteringa til faget.

1.5.1 Høyringsinstansen sitt syn på fagnemninga Vg3 ernæringskokk

Fylkesdirektøren si vurdering:

Søkjartala til institusjonskokkfaget har vore sterkt redusert dei seinare åra. Årsaka til dette kan vere namnet, men trenden til omlegging frå å produsere mat ved kvar institusjon til ei sentralisering til produksjonskjøkken med nye produksjonsteknikkar, har nok ført til at faget er vorte lite interessant. I tillegg har tal arbeidsplassar også vorte redusert. Omlegginga er basert på innsparingstiltak. Ei endring av namnet til ernæringskokk kan bidra til ei auka rekruttering til faget, ikkje minst fordi namnet ernæringskokk verkar meir interessant enn institusjonskokk.

Service og samferdsle

1.1 FRAMLEGG OM Å OPPRETTE EIT NYTT UTDANNINGSPROGRAM FOR HANDEL

Det vert tilrådd å opprette eit nytt utdanningsprogram for handel, som skal føre til programområdet Vg2 reiseliv og deler av programområdet Vg2 sal, service og tryggleik.

1.1.1 Grunngeving for å opprette eit nytt utdanningsprogram for handel

Tilbakemeldinga frå arbeidslivet er at behovet for fagarbeidarar innanfor varehandel er større enn det dagens lærlingkontraktar tilseier. Varehandel er ei av landets største næringar, både målt i

omsetning og sysselsetting. Totalt hadde varehandelen ca. 50 000 føretak og 390 000 sysselsette i 2015.

Lærlingordninga er ikkje godt etablert i handelsnæringa. Trass i at varehandel sysselset opp mot 390 000 personar (SSB, 2016), utgjer lærlingar berre promillar av sysselsettinga. Varehandelen utgjer den største ungdomsarbeidsmarknaden i Noreg. Både fagleg råd for service og samferdsle (FRSS) og yrkesfagleg utval for kontor, handel og service meiner at ei lærlingordning i sal, og fagbrev i salsfaget, er relevant for arbeidslivet.

Land det er naturleg å samanlikne seg med har lykkast med å etablere merkantile utdanningar på fagarbeidarnivå. Danmark har vesentleg fleire lærlingar innan varehandel og kontor, og i Sveits er salsfaget ei av dei mest søkte utdanningane innan fag- og yrkesopplæringa.

I eit nytt utdanningsprogram for handel vil opplæringa kunne samlast om felleselement som sal, service, kundebehandling, marknadsføring og økonomi. Ei tidlegare og tydelegare opplæring som er retta mot salsfaget på Vg1, vil også kunne styrke lærlingordninga og bidra til auka etterspurnad etter denne typen fagkompetanse i arbeidslivet.

1.1.1 Bør det opprettast eit nytt utdanningsprogram for handel?

Svar: Ja

Høyringsinstansen sitt syn på fagnemninga handel:

Fylkesdirektøren si vurdering:

Vi meiner at namnet handel er for snevert. Namnet **Sal og service** på utdanningsprogrammet vil dekke ei større breidde i faget, også for programområda som følgjer på Vg2 og Vg3. Service er eit sentralt omgrep og bør vere med, da det også inkluderer både varehandel og tenesteytande næringer i privat og offentleg sektor.

1.2. FRAMLEGG OM NYTT VG2 HANDEL

Det vert tilrådd å opprette eit nytt vg2 handel

1.2.1. Grunngeving for å opprette eit nytt Vg2 handel.

Eit nytt programområde for Vg2 handel vil gje høve for opplæring innanfor service- og kundebehandling, salsleing, produktkunnskap, netthandel og engroshandel.

Det vert tilrådd å etablere eit nytt programområde Vg2 handel og eit nytt fagbrev Vg3 handelsfaget (sjå 1.3 Vg3 salsfaget). Det bør vurderast om den kompetansen som kjedeskular tilbyr, kan inngå i det nye lærefaget. Dette for å sikre ei sterkare forankring av lærlingordninga i handelsnæringa.

Dersom det viser seg å vere eit behov, kan det også utviklast rettleiingar til yrkesfagleg fordjuping (YFF) innanfor Vg2 handel. Slike rettleiingar kan bidra til bransjetilpassa opplæring innanfor ulike deler av varehandelen, både på Vg1 og på Vg2

1.2.1 Bør det opprettast eit nytt programområde vg2 handel

Svar: Ja

Høyringsinstansen sitt syn på fagnemninga Vg2 handel:

Fylkesdirektøren si vurdering:

Vi ønskjer eit nytt Vg2, men med nemninga **Vg2 Sal og økonomi**. Det er viktig at ein på Vg2 ikkje snevrar inn for tidleg, men kan gje høve for fleire val på Vg3. Vg2 må innehalde sal, service og økonomi.

1.3 SALSFAGET

Det vert tilrådd å endre fagnemninga for vg3 salsfaget til Vg3 handelsfaget

1.3.1 Bør Vg3 salsfaget endre fagnemning til Vg3 handelsfaget

Svar: Nei

1.4 VG3 KONTOR- OG ADMINISTRASJONSFAGET

To alternativ for Vg3 kontor- og administrasjonsfaget vert lagde ut til høyring:

1. Vg3 kontor- og administrasjonsfaget vert lagt ned
2. Vg3 kontor- og administrasjonsfaget vert vidareført og bør eventuelt inkludere økonomi i lærefaget

1.4.1 Bør kontor- og administrasjonsfaget leggest ned?

Svar: Ja

1.4.2 Grunngeving for at Vg3 kontor- og administrasjonsfaget vert vidareført, eventuelt med endra innhald.

Sjølv om kontor- og administrasjonsfaget i mindre grad er integrert i arbeidsdelinga i relevante verksemder, kan det argumenterast for at faget og opplæringa fungerer som ein god veg gjennom vidaregåande opplæring, og som praktisk veg til høgare utdanning.

Nedlegging av kontor- og administrasjonsfaget vil på kort sikt kunne føre til ein nedgang i tal lærlingar i staten. Kontor- og administrasjonsfaget utgjer i dag ca. 20 prosent av alle lærlingar innanfor statleg tariffområde (dvs. departementa og underliggende verksemder).

I samband med gjennomgangen av tilbodsstrukturen har det komme forslag frå Økonomiforbundet om å etablere eit lærefag innanfor rekneskap. Forslaget er førebels ikkje tilstrekkeleg godt nok belyst for høyring.

I staden for å opprette eit eige lærefag innanfor rekneskap vil det vere mogleg å vidareutvikle kontor- og administrasjonsfaget, slik at økonomi og rekneskap kan inngå i faget.

Dersom avgjerda vert å vidareføre eit lærefag retta mot administrasjon, kan det vurderast å opprette eit eige programområde på Vg2 retta mot økonomi og administrasjon.

Høyringsinstansane vert bedne om å kome med innspel til eventuelle løysingar som kan gjere fagbrevet innanfor kontor- og administrasjon meir attraktivt for verksemdene.

1.4.2 Bør Vg3 kontor- og administrasjonsfaget vidareførast?

Svar: Nei

Fylkesdirektøren si vurdering:

Faget har liten relevans for dagens arbeidsliv. Sjølv om tilgangen på læreplassar, særleg i offentleg sektor, er der svært få stillingar tilgjengelege etter fagbrev.

1.5 VG3 TRYGGLEIKSFAGET

Det vert tilrådd å legge ned Vg3 tryggleiksfaget.

Det vert samstundes føreslege å utvide Vg3 resepsjonsfaget, slik at kompetanse i resepsjonsfaget også inkluderer tryggleik og beredskap (sjå 1.8 *Vg3 resepsjonsfaget*).

1.5.1. Grunngeving for å legge ned Vg3 tryggleiksfaget og utvide Vg3 resepsjonsfaget

Lærlingordninga i Vg3 tryggleiksfaget har svak forankring i arbeidslivet. I tillegg er over halvparten av dei som tek fagbrev, praksiskandidatar. Tal læreplassar har auka dei siste åra, men det er framleis låg del av søkjarane som får læreplass. I 2016 fekk 52 prosent av søkjarane til tryggleiksfaget læreplass. Dette er lågt samanlikna med andre lærefag.

For å bli vektar kan elevar velje Vg3 tryggleiksfaget i vidaregåande opplæring, eller gjennomføra vektarkurs på mellom 50 og 100 timar i regi av vektarselskapa. Begge utdanningane tilfredsstiller kravet for å kunne bli tilsett som vektar etter vaktverksemdslova. Bransjen rekrutterer i dag primært vektarar gjennom private vektarkurs. Det er difor vanskeleg å grunngje behovet for eit lærefag med 2 års opplæring i bedrift, når eit privat opplæringstilbod av kortare varigheit tilfredsstiller krava til vektarar, og når tryggleiksbransjen i praksis føretrekker vektarar som har gjennomført dei private tilboda ved tilsetjing.

Det vert også vist til forslag om å vidareutvikle resepsjonsfaget til å omfatte eit større fagområde, bl.a. innanfor kundeservice og tryggleik (sjå 1.8 *Vg3 resepsjonsfaget*).

1.5.1 Bør Vg3 tryggleiksfaget leggest ned?

Svar: Ja

1.6 VG2 REISELIV

Høyringa skisserer to alternativ for Vg2 reiseliv og resepsjon:

1. Programområdet Vg2 reiseliv vert vidareført, (ei eventuell endring av lærefaget sitt innhald vert gjort seinare)
2. Programområdet Vg2 reiseliv vert delt inn i eit nytt Vg2 resepsjon og eit nytt Vg2 reiseliv. Vg2 reiseliv vert gjort om til eit studieførebuande løp

1.6.1 Grunngeving for at programområdet Vg2 reiseliv vert vidareført

Tal nye lærekontraktar i reiselivsfaget har vore på mellom 60 og 90 dei siste åra. For resepsjonsfaget er situasjonen omtrent den same; tal lærekontraktar har vore litt høgare (mellom 85 og 110 siste åra).

Reiselivsfaget har ikkje fått den utbreiinga som mange håpa på. Nesten 160 000 personar arbeider i reiselivsnæringa (nesten ni pst. av sysselsettinga i norsk næringsliv). Dette står i kontrast til tal oppnådde fagbrev i reiselivsfaget. Dei siste fem åra er det i alt 402 personar som har oppnådd fagbrev i reiselivsfaget.

Ei av årsakene til at reiselivsfaget ikkje har treft behovet i arbeidslivet, er ifølgje fagleg råd at den noverande opplæringa ikkje gjev tilstrekkelig språkkompetanse. Fagleg råd for service og samferdsel (FRSS) skriv i utviklingsutgreiinga at noverande struktur ikkje ivaretek reiselivsnæringa sitt behov for auka språkkunnskap.

Både Norwegian og SAS Ground Handling ønsker at reiselivsfaget vert vidareført som lærefag. Det er desse bedriftene som tek inn dei fleste lærlingane i reiselivsfaget. Dei ønsker å halde på dagens tilbod, slik at dei framleis kan ta inn lærlingar innan reiseliv. Framfor strukturendring ønsker dei å endre læreplanen, slik at elevane får ei praktisk tilnærming til språk og internasjonalt reiseliv.

Endring av innhald er ikkje ein del av denne høyringa, men vil bli ein del av den etterfølgjande prosessen med revidering av læreplanar.

1.6.2. Grunngeving for at programområdet Vg2 reiseliv vert delt inn i eit nytt Vg2 resepsjon og eit nytt Vg2 reiseliv, og at Vg2 reiseliv vert gjort om til eit studieførebuande løp

Eit alternativt framlegg er å opprette eit nytt tilbod for reiseliv på Vg2 og Vg3, som fører til studiekompetanse. Det alternative framlegget kjem frå FRSS, som ønskjer ein "hybridmodell" (eit

studieførebuande løp plassert på yrkesfag), fordi dei meiner det er føremålstenleg å gje elevane ei praktisk opplæring retta mot bransjen som førebuing til høgare utdanning.

Arbeidslivet gjev ikkje eintydig støtte til ein slik modell. Både Norwegian og SAS Ground Handling ønsker å behalde dagens tilbod, slik at dei framleis kan ta inn lærlingar innan reiseliv. I framlegget til FRSS skal Vg2 reiseliv aleine førebu til studieførebuande løp. Dette inneber at resepsjonsfaget ikkje kan rekruttere frå Vg2 reiseliv, men må flyttast til eit anna programområde på Vg2, eller at det vert oppretta eit eige programområde på Vg2.

Høyringsinstansane vert bedne om å merke seg at reiseliv også vert tilbode i dag som valfrie programfag på dei studieførebuande utdanningsprogramma. Innanfor ramma av dagens struktur kan også elevane på yrkesfag velje desse programfaga. Reiselivsfaga utgjer 140 + 140 årstimar som kan bli tilbydt over to år. I skuleåret 2015-16 var det i overkant av 1000 elevar som valde reiselivsfaga. Eit nytt studieførebuande løp på yrkesfag vil måtte konkurrere med det allereie eksisterande tilbodet med valfrie programfag.

1.6.2 Bør reiselivsfaget vidareførast som lærefag?

Svar: Ja

1.6.2. Bør reiselivsfaget gjerast om til eit studieførebuande løp plassert på yrkesfagleg utdanningsprogram?

Svar: Nei

Fylkesdirektøren si vurdering:

Framfor strukturendring ønsker vi å endre læreplanen, slik at elevane får ei praktisk tilnærming til språk og internasjonalt reiseliv.

1.7 VG3 REISELIV

Her er det to alternativ til høyring:

1. Vidareføre lærefaget
2. Erstatte lærefaget med eit løp som gjev generell studiekompetanse

1.7.1 Grunngeving for å vidareføre lærefaget Vg3 reiseliv eller erstatte lærefaget med eit løp som gjev generell studiekompetanse

Endring på Vg2 reiseliv og Vg3 reiselivsfaget heng tett saman. For grunngeving og høyrings spørsmål, sjå 1.6 *Vg2 reiseliv*.

1.8 Vg3 RESEPSJONSFAGET

Det vert føreslege å vidareutvikle resepsjonsfaget til å omfatte eit større fagområde og fleire bransjar.

1.8.1 Grunngeving for å vidareutvikle resepsjonsfaget til å omfatte eit større fagområde og fleire bransjar

Resepsjonsfaget er i dag primært retta mot hotellresepsjon. Det vert foreslått å vidareutvikle faget og gjere kompetansen breiare, slik at det retter seg mot fleire bransjar.

FRSS har peika på frontlinjetenester som eit nytt område. Et anna område er tryggleik. Fleire verksemder slår i dag tryggleiksbemanninga saman med resepsjonsfunksjonar, slik at same person kan ivareta begge oppgåver.

Det vert vist til forslag om å legge ned Vg3 tryggleiksfaget (1.5 Vg3 tryggleiksfaget).

1.8.1 Bør kompetansen i resepsjonsfaget gjerast breiare, slik at resepsjonsfaget kan rette seg mot fleire bransjar?

Svar: Ja

1.8.1. Bør kompetansen i resepsjonsfaget utvidast med tryggleik som fagleg element?

Svar: Ja

1.9 VG2 OG VG3 IKT-SERVICEFAG

Det vert foreslått å flytte Vg2 og Vg3 IKT-servicefag til utdanningsprogram for elektrofag. Det vert foreslått å avvikle ordninga med kryssløp frå alle Vg1 utdanningsprogramma til Vg2 IKT-servicefag.

1.9.1 Grunngeving for å flytte Vg2 IKT-servicefag til utdanningsprogram for elektrofag og å avvikle kryssløp frå alle Vg1 utdanningsprogramma til Vg2 IKT-servicefag .

Det er relativt mange elevar som vel IKT-service på Vg2. I inneverande skuleår er det 1159 elevar, og talet har vore stabilt dei siste tre åra. IKT-servicefaget er også eit relativt stort lærefag. I 2015 oppnådde 508 kandidatar fagbrev. Talet har auka noko dei siste tre åra. Berre tre prosent av dei som oppnådde fagbrev, gjekk opp som praksiskandidatar. Dette tyder på at IKT-servicefag er ei ungdomsutdanning, og at arbeidsmarknaden bruker lærlingordninga til å rekruttere faglært arbeidskraft.

I dag kan ein søke Vg2 IKT-servicefag frå alle utdanningsprogram. Det resulterer i at grunnlaget og kunnskapsnivået til elevane på Vg2 IKT service varierer mykje. I følgje partane i arbeidslivet er berre eitt år med spesifikk opplæring retta mot IKT-service ikkje tilfredsstillande. Dette talar for at det bør gjerast endringar av dette opplæringsløpet på yrkesfag.

Per i dag kjem dei fleste elevane som byrjar på Vg2 IKT-servicefag, frå Vg1 Elektro. I 2015 hadde 314 elevar fullført Vg1 elektrofag, medan 259 elevar hadde fullført Vg1 service og samferdsle, 168 elevar kom frå Vg1 teknikk og industriell produksjon, 63 elevar frå Vg1 bygg- og anleggsteknikk og 46 elevar frå Vg1 helse- og oppvekstfag.

Ein fordel ved å flytta IKT-service til elektrofag er at IKT-servicefag vil bli ein del av eit utdanningsprogram der lærefaga har god forankring i arbeidslivet.

Elektrikaren må i dag og i framtida ha meir og betre IKT-kompetanse. Blant anna viser fagleg råd for elektro (FREL) til utviklinga av elektronisk kommunikasjon (Ekom) som eit sentralt utviklingsområde innanfor elektrobransjen. Eit anna døme er Smart Grid (smart straumstyring) og smarthusløyser, der elektriske komponentar og apparat kan styrast via internettet. IKT-servicefag vil difor ha felleselement med fleire av lærefaga på elektrofag. Felleselement mellom lærefag vil kunne bidra til eit relevant opplæringsløp frå Vg1 til Vg3.

IKT-sektoren består i hovudsak av arbeidstakarar som først og fremst har høgare utdanning. I tillegg er det ein stor del som er sjølvlærte. Lærlingar og faglærte tapar ofte i konkurranse om jobbane med begge desse gruppene. Sertifikat ser ut til å vere eit minst like viktig konkurransefortrinn som å ha oppnådd eit fagbrev. Grunnlaget for å opprette eit eige utdanningsprogram som skal rekruttere til bransjen, er difor diskutabelt. Det er også usikkert om bransjen vil endre sitt rekrutteringsmønster, sjølv om det vert etablert eit eige utdanningsprogram for IKT.

Høyringsinstansane vert også bedne om innspel når det gjeld innplassering på elektrofag. Til dømes om IKT-service skal vere eit eige programområde på Vg2 eller om det skal vere ein del av eit programområde på Vg2 som kan inkludere felles faglege element frå dataelektronikar og ev andre lærefag.

1.9.1 Bør programområdet for vg2 IKT-servicefag og tilhørende lærefag flyttast til utdanningsprogram for elektro?

Svar: Ja

Fylkesdirektøren si vurdering:

IKT-servicefaget kom inn med R94 då IKT var forholdsvis nytt og det skulle satsast breitt på den kompetansen. Eitt år opplæring i dette, med opptak frå alle Vg1 utdanningsprogram, er etter vår meining for dårleg, og det bør inn i Vg2 Data og elektronikk løpet.

1.10 VG3 IKT-SERVICEFAG

1.10.1 Bør Vg3 IKT-servicefag flyttast til utdanningsprogrammet for elektrofag?

Svar: Ja

1.11 VG2 TRANSPORT OG LOGISTIKK

Det vert foreslått å flytte Vg2 transport og logistikk og tilhørende lærefag til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon.

1.11.1 Grunngeving for å flytte g2 transport og logistikk og tilhørende lærefag til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon

FRSS har peikt på at faginnhaldet på Vg1 service og samferdsle er for teoretisk og merkantilt for elevar som ønskjer utdanning innan transport og logistikk. FRSS foreslo primært å etablere eit eige utdanningsprogram for transport og logistikk saman med eventuelle nærlekta lærefag.

Vg2 transport og logistikk har hatt ein auke i tal elevar dei siste åra. I skuleåret 2016-17 var det i alt 725 elevar på landsbasis. Til samanlikning var det 1989 elevar på Naturbruk, som er det minste av dagens yrkesfaglege utdanningsprogram.

Eit relativt avgrensa elevgrunnlag vil kunne føre til at tilbodet berre vert oppretthalde på eit mindre tal skular. Det vert vist til at mange av dei elevane som går på Vg2 transport og logistikk, kjem frå utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon (TIP) gjennom kryssløp. Dei siste åra har to av tre elevar komme frå TIP. Å flytte Vg2 transport og logistikk vil difor vere ei god tilpassing til dagens søkemønster.

Ei oversikt over skuleval i tre fylke viser i tillegg at hovudparten av elevane vel nærskulen på Vg1, uavhengig av fagtilbod. Sjølv om det vert oppretta eit eige utdanningsprogram for transport og logistikk, vil truleg framleis ein stor del av elevane søke via kryssløp frå Vg1 teknikk og industriell produksjon (TIP), da dette er eit utdanningsprogram som vert oppretta på mange skular, og som har mange søkjarar.

I tillegg vil eit eige utdanningsprogram for transport og logistikk vere relativt snevert når det gjeld lærefag. Elevane som startar på Vg1 transport og logistikk, vil ha svært avgrensa høve for å skifte retning. Elevane vil også vere sårbare overfor konjunkturar og nedgang i tal læreplasser.

Det er samstundes eit fagleg slektskap mellom transport og dei mekaniske faga på TIP. Ifølgje samanslutninga av opplæringskontor på transport (Sotin) har TIP eit meir relevant innhald for fagutøvinga som sjåfør eller logistikkarbeidar enn det service og samferdsle har i dag.

Framlegget om å flytte Vg2 transport og logistikk til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon, vil kunne bidra til meir relevant opplæring, god tilgang på skuletilbod og gode læreplassar over heile landet.

Ei utfordring ved å flytte Vg2 transport og logistikk kan vere at det vil føre til ei utviding av eit allereie breitt Vg1 TIP. Det kan bli ei utfordring å skulle legge til rette opplæringa slik at den vert

opplevd som relevant for alle elevar på Vg1 TIP. Som tala viser, er det allereie slik i dag at mange elevar på transport og logistikk har fullført Vg1 TIP.

1.11.1 Bør vg2 transport og logistikk og tilhøyrande lærefag flyttast til utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon

Svar: Ja

1.12 VG3 YRKESJÅFØRFAGET

1.12.1 Bør yrkessjåførfaget vidareførast i utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon?

Svar: Ja

1.13 VG3 LOGISTIKKFAGET

1.13.1 Bør logistikkfaget vidareførast i utdanningsprogrammet for teknikk og industriell produksjon?

Svar: Ja

Teknikk og industriell produksjon

1.2. Vg2 industriell møbelproduksjon, Vg3 industrisnikkarfaget og Vg3 industritapetserarfaget

Det er vanskeleg å rekruttere ungdom til Vg2 industriell møbelproduksjon, og søkartala til Vg2 er så låge at det er vanskeleg oppretthalde tilbodet. Vg2 industriell møbelproduksjon imøtekjem heller ikkje kompetansebehovet til møbelindustrien, fordi produksjonen i aukande grad vert automatisert. FRTIP meiner at Vg2 industriteknologi difor vil gje opplæring som er relevant for arbeid i møbelindustrien.

Det at dei to lærefaga industrisnikkarfaget og industritapetserarfaget skal bygge på Vg2 industriteknologi, vil kunne gje møbelindustrien fleire elevar å velje mellom når dei skal rekruttere til læreplass. Vidare vil elevane få fleire lærefag å velje mellom etter fullført Vg2.

Det har vore eit ønskje å sjå snikkarfaga som vert tilbydt i fleire utdanningsprogram i samanheng. Det er også ønskeleg å auke rekrutteringa til Vg3 industrisnikkarfaget. Dette kan mellom anna gjerast gjennom å opprette kryssløp frå Vg2 treteknikk i utdanningsprogram for bygg- og anleggsteknikk.

1.2.1 Bør programområdet Vg2 industriell møbelproduksjon leggst ned?

Svar: Sjå fylkesdirektøren si vurdering under

Fylkesdirektøren si vurdering:

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner ein bør sjå på å slå saman vg2 Industriell møbelproduksjon med vg2 treteknikk, som ligg under vg1 Bygg- og anleggsteknikk. Dette forklarar vi med to identiske læreplanar og to fag som ein finn dei same kjerneelementa i og at det er to fag som har dei same kunnskapsområda og uttryksformene.

Det er viktig for bransjen på Vestlandet at dei får utdanna elevar med kompetanse frå trebearbeiding, og ikkje berre frå produksjonsteknikkfaget under vg2 Industriteknologi.

Ein kan og vurdere å slå saman både vg2 treteknikk med vg2 design og trearbeid og vg2 Industriell møbelproduksjon til eit felles vg2 løp. Vg2 treteknikk kan vere eit passende namn som omfamnar fleire lærefag.

1.5. Grunngeving for samanslåing av Vg2 kjemiprosess og Vg2 laboratoriefag til Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag

Dagens Vg2 kjemiprosessfag og Vg2 laboratoriefag fører berre til eitt lærefag kvar. Ved å slå saman dei to programområda til eitt, Vg2 vil dette leie til to lærefag. Dette gjev elevane fleire valhøve. Dei som ikkje får læreplass i det eine faget, kan søke seg til det andre faget. Vg3 kjemiprosessfag er i dag eit av dei mest populære lærefaga innanfor utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon sett ut frå søkjartal. Bransjen har varsla at det blir mindre behov for fagarbeidarar med denne utdanninga. Da er det ein føremon for elevane at Vg2 leier til fleire enn eitt lærefag.

Bransjen rapporterer at dei stadig vert meir avhengige av medarbeidarar som har breiddekompetanse og prosessforståing. Samstundes er det mange felleselement mellom dei to programområda på Vg2, og det er viktig at Vg2 også ivaretek fagarbeidaren sin breiddekompetanse. Med eitt felles Vg2 vil det bli lettare for bransjen å rekruttere faglaborantar over større delar av landet. Dette er i dag utfordrande, sidan Vg2 laboratoriefag berre vert tilbydd ved fire skuler.

1.5.1 Bør programområdet for Vg2 kjemiprosess og Vg2 laboratoriefag slåast saman til Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefag?

Svar: Ja

Fylkesdirektøren si vurdering:

I tillegg meiner fylkesdirektøren at Vg2 kjemiprosess bør endre namn til Vg2 prosessoperatør, og at det bør opnast for kryssløp frå Vg1 elektro. Vi ser det og som positivt at det vert opna for eit kryssløp frå Vg1 studiespesialisering til Vg2 kjemiprosess- og laboratoriefaget. Dette vil etter vår meining auke jentedelen på programområdet.

1.6 Transport og logistikk

Fagleg råd for service og samferdsle har peika på at faginnhaldet på Vg1 service og samferdsle er for teoretisk og merkantilt for elevar som ønskjer utdanning innan transport og logistikk. Dei viser til at mange av dei elevane som går på Vg2 transport og logistikk, kjem frå utdanningsprogram for teknikk og industriell produksjon (TIP) gjennom kryssløp. Dei siste åra har to av tre elevar på Vg2 transport og logistikk kome frå TIP. Å flytte Vg2 transport og logistikk vil vere ei tilpassing til dagens søkemønster.

Det er samtidig eit fagleg slektskap mellom transportfaga og faga på TIP. I følgje samanslutninga av opplæringskontor på transport (Sotin) har TIP eit meir relevant innhald for fagutøvinga som sjåfør eller logistikkarbeidar enn det service og samferdsle har.

For grunngjeving og høyringsspørsmål om flytting av Vg2 transport og logistikk og tilhøyrande lærefag, sjå *Service og samferdsel, 1.11 Vg2 transport og logistikk*.

Fylkesdirektøren si vurdering:

Fylkesdirektøren støttar dette framlegget.